

# Nepalprosjektet

# Berre ei jord

Visste du at Senterpartiet støttar eit av Utviklingsfondets prosjekt i Nepal?

Utviklingsfondet er ein sjølvstendig, norsk miljø- og utviklingsorganisasjon, som har ein rekke samarbeidspartnarar i ulike land.

Det konkrete arbeidet for fattige bønder blir gjennomført av lokale organisasjonar på grasrota med solid erfaring og kunnskap.

I Nepal jobbar dei med å stå imot klimaendringar og øke velvære i lokalsamfunn på landsbygda. Dette gjer dei blant anna ved å fokusere på matsikkerheit og ernæring, økte inntekter og økonomiske rettar, spesielt for kvinner, i tillegg til opplæring i demokrati og styresett.



Målgruppa er lokalsamfunn på landsbygda med særlig fokus på kvinner, ungdom og marginaliserte grupper.

Vil du støtte arbeidet kan du Vippse ønska beløp til [506624](#) eller kontakte Senterpartiet.

# Verdas Miljødag

## 5. juni 2022



# Årets tema, *berre ei jord* -

- var også slagordet for den første miljøvernkonferansen, Stockholmkonferansen i 1972. 50 år seinare er slagordet like aktuelt. Denne planeten er vår einaste heim, og vi må gjere alt for å beskytte den.

Vertslandet er Sverige, som for 50 år sidan bidro til stiftinga av FNs miljøprogram, og til at 5. juni blei til Verdas Miljødag.

Temaet "Berre ei jord" fokuserar på kor viktig det er å leve i samklang med naturen og behovet for ein grønare livsstil.

Temaet skal oppmuntre alle menneske til å engasjere seg og jobbe saman for å nå bærekraftsmåla, óg for eit betre miljø.

## #OnlyOneEarth #BerreEiJord



Foto: Oppland Sp

## Kva kan du gjere?

- Endre kostholdet ditt ved å bruke meir berekraftige matvarer.
- Kjøp lokale produkt og matvarer.
- Reis mindre! Kutt ned på unødvendig reising.
- Sett av eit grøntområde i hagen din for pollenspreiarar som bier og sommerfuglar.
- Bor du i by? Lag ein urban hage på balkongen eller i bakgarden.
- Del meiningsa di med lokale og nasjonale myndigheter gjennom sosiale media. Bruk gjerne emneknaggen #OnlyOneEarth.
- Unngå bruk av eingangsplastikk. Plastavfall som endar opp i naturen blir tatt for å vere mat av både hav- og pattedyr.
- Minimer bruken av kjemikaliar som kan spreie gift i jordsmonnet og grunnvatnet. Bruk heller naturprodukt som eddik, såpe og vatn.
- Lag ein komposthaug i hagen eller i vinduskarmen og dyrk di eiga lille avling.